

## Årsmøte Møre og Romsdal Gjeterhundlag 2019

18 medlemmer samt Marianne Eltvik frå MRSG møtte på årsmøtet laurdag 9. februar på Systra Cafe, Sjøholt.

**Sak 1.** Val av møteleiar: Merethe Hellevik, møtebokskrivar: Nils Edmund Stråmyr.

Anne Katrin Melle og Aina K.S. Nedresæter skriv under møteboka.

- a. Oppteljing av utsendingar: MMG 4, NRG 3, VSG 3, ISG 4.

**Sak 2.** Godkjenning av sakliste og innkalling, Godkjent.

**Sak 3.** Årsmelding v/Merethe Hellevik. Godkjent.

**Sak 4.** Rekneskap v/Maren-Ann H. Løvold.

Merknad: Tilskot frå MRSG på kr. 15000 kom inn på konto januar 2019.

Kasserar i MRGL treng utskrift av årsoppgåva/kontoen for laget frå MRSG for å legge ved rekneskapet. Med desse merknadane vart rekneskapen godkjent.

**Sak 5.** Innkomne saker. Det var ingen.

**Sak 6.** Arbeidsplan og budsjett.

Årsmøtet vart først orientert litt om planane til dei ulike lokallaga. Det var ingen som hadde planlagt å søke landsprøve i 2019.

Fem uttaksprøver til NM 2019:

1. Kolåstindprøva 1. juni i regi av VSG
2. Fylkesmeisterskapsprøva 29. juni og DP Sykkylven 30. juni arr. ISG
3. Første dag av klasse 3 prøve arrangert av NRG i slutten av august.
4. Lepsøyprøva 5. oktober arr. MMG

Til saman fem uttaksprøver.

Prøver i klasse 2 for unghundcupen 2019.

Tynes 25. mai, Stette 26. mai, Kolåstindprøva 2. juni og DP ca. 25 august i NRG.

Styret får ansvar for å lage endeleg arbeidsplan og legge den ut på [www.mrgl.no](http://www.mrgl.no)

Leiar melder inn prøver til NSG.

## Budsjettforslag MRSO 2019

Det budsjetterast med inntekter på kr 31 450,- pluss evt. tilskot frå MRSO (15000,-)

Utgifter på kroner 29 500,-

### **Sak 7. Val.** Dette vart leia av Anne Iversen frå valnemda

- a) Leiar for 1 år vart Merethe Hellevik, MMG
- b) Styremedlem for 2 år Anne Katrin Melle for VSG  
Styremedlem for 2 år, Maren-Ann Løvold, NRG
- c) Personleg varamedlem for 1. år Ingrid Iversen, MMG  
Personleg varamedlem for 2. år Sara Larsson, VSG  
Personleg varamedlem for 2. år Jostein Røyset, NRG
- d) Utsending til årsmøtet i MRSO vert leiar Merethe Hellevik
- e) Valnemdsmedlem NRG for 4 år, Bjørn Inge Naastad  
Valnemdsmedlem VSG for 2 år, Knut Dahl
- f) Godtgjersle av tillitsvalde, uendra.

### **Sak 8.** Eventuelt

Økonomi i MRGL. Fylkeslaget har ikkje økonomi til t.d. reise til Gardermoen på møte med gjeterhundrådet. Utsending til årsmøte i MRSO er og noko fylkeslaget har dekt sjølv. Framlegg om at lokallaga kan betale inn ein fast sum til fylkeslaget, eller sponse samling på Gardermoen. Møtekostnader for den som vert sendt på møte bør sjølvsgt dekkast. Må takast opp som årsmøtesak neste år.

Ryddigheit i vedtekter MRSO i høve til MRGL. Leiar tek opp på leiarsamling og framlegg må evt. fremjast på neste årsmøte.

Trude Hvalryg er i Gjeterhundrådet for region midt. Ho har no ikkje vara...

NRG - Liten situasjonsrapport. Deling av miljøet? Synd for motivasjon og framgong i arbeidet. Er området for stort?

MRGL HAR 10-ÅRS JUBILEUM I ÅR! Forslag om helgesamling/fellestrening og slå dette saman med ei jubileumsfeiring i slutten av mars månad. Styret må arbeide vidare med dette. Invitere instruktørar på dugnad, så vert dette økonomi for fylkeslaget.

Aina K. S. Nedresæter (sign.)

Anne Katrine Melle (sign.)